

Bygdeblad

Nr 6—09

Bygdesentralen/Frivillighetssentralen



Tlf. 35024868 mob. 91579766
bygdesentralen@hjartdalsbygda.no
www.hjartdalsbygda.no

Innhald:

Slåttefestival

17 mai

Bergtun

Familietur

Nettsteder

Kulturlandskapss.

Bibliotek

Tapt og funnet

Bygdeblad



**Vi på bygdesentralen
ynsker alle ein god sommer.**

Slåttestivalen 2009

Slåttestivalen takkar med dette alle dugnadsarbeide, små som store for framifrå innsats og positivitet under avviklinga av årets jubileumsfestival. Utan alle Ja-menneskene i bygda har vi aldri greid å gjennomføre festivalen med suksess år etter år.

Styret i Slåttestivalen



Kjære bygdefolk!

Nok ei 17. maifeiring er over, og me i komiteen er stort sett heskleg fornøgde, særleg med at 17. maiførebuingane er over...Etterpå er det bare velstand, veit du, - når jobben er unnagjort! Me vil gjerne få takke alle de som stod på i kulissene og sørgde for at arrangementet gjekk så glatt som det gjorde! Det kan ikkje seiast for ofte at utan dugnadsfolk hadde det ikkje blitt nokon feiring av nasjonaldagen i det heile tatt. Bare så de veit at me veit det! Ein dugeleg takk til alle.

Kollektinngangen var veldig bra i år. Her er summen: 8 878,00. Ei solid auke frå i fjor, og ikkje noko underskot i år, nei!

17.maikomiteen er også veldig takksam for at bygda har ein sprudlande barnegospel og eit flott korps som stiller år etter år. Ekstra moro er det og når ein kan få sambygdingar til å uttale seg om nytt og gamalt, om ein kallar det tale eller ikkje. Gunnhild Dølen og russejentun gjorde ein dugeleg innsats som me gjerne kan seie fleire gonger at me var meir enn fornøgde med!

På evalueringsmøtet kom det fram at eit og anna nok kan bli betre, så kanskje me kan bli enda meir fornøgde etter neste års feiring!?! Alt er notert og ligg og ventar på neste komitee...

Me har laga lister over kven som har jobba dugnad på 17.mai sidan 2005, og ei oversikt over leiarar og nestleiarar, talarar ved bautaen og til festprogrammet. Det er ikkje lister lenger tilbake enn til 2003, så her er mange hol. Me reknar med at alle som har vore leiar eller talar, hugsar det og kan gje oss eit lite hint? Kanskje nokon har gjort slik inntrykk at andre hugsar også?! Det hadde vore så kjekt med utfyllande lister! Da veit me kven som har gjort ein innsats på den fronten, og så set me opp nokon andre i staden... Les du godt mellom linene nå, så skjønner du at det kan løne seg å seie i frå om utførte oppdrag i den leia.

Ring eller send sms til 986 13 795 med 17. mai opplysningar til

Brit Merete Funner

Hjartdal idrettslag....

Kronerulling Bergtun

Pr 19. mai har det kome inn utrulege **72.600 Kr** til Bergtun utbygginga. Styre er utruleg audmjuke og svært takksame for engasjementet som bygdefolk viser.

1000, tusen takk til alle som har bidratt så langt!!!

Nokre utfordringar har det også kome opp nå ☺

Vi oppmodar derfor næringslivet i bygda til å bidra no mot slutten. Vi kjem til å offisielt til å avslutte denne kronerullinga 01.07.

Kontonr. er: 2699 11 17449

Nytt frå Bergtun

Bergtun byrjar nå å ta form både ute og inne. Sidan i vinter har det vore mest innarbeid. I kjellaren er det lagt flisar på alle golv og veggane i dusjromma. Andre rom er kledd med panel , lista rundt vindauger, kjøkkenet er kledd med plater og nå den siste tida har det også kommet på plass ein del dører. Undervegs har både elektrikarar og rørleggarar vore i aksjon og ein god del av ventilasjonsanlegget er lagt. Det står fortsatt mykje arbeid att men nå ser me ein ende på prosjektet.

Me i Hjartdal er heldige som har så mange dyktige og gavmilde folk som stiller opp både med dugnad og økonomisk støtte. Ikkje alle bygder kan vise til så mykje engasjement når det trengs, som folk i Hjartdal har gjort for å få i stand Bergtun .

Tusen takk til alle som har vore med og bidratt til at Bergtun skal gjenoppstå.

Byggekomiteen v/Reidun

Turgruppa i H.I.L.

Familieturar!

Turen til fyribø-vatnet ble avlyst,
grunna for få påmelde.

16 august tar vi turen til Brille-tjønnane

Meld deg på nå !

Påmelding: Lise mob.91579766

Elisabeth mob. 9529903

Ut på tur aldri sur!

Har de spørsmål om turane, ring 35024868.

Aktuelle nettstader i bygda!

www.hjartdalsbygda.no

www.slaattefestivalen.no

www.kulturlandskapscenteret.no

www.telegardar.no

Send inn aktuelt stoff til sidene.

Frå 11. august: Kontor- og telefontid 0930-1430

alle vekedagar utanom onsdag.

Våren har fyrst og fremst vore prega av prosjektet ”Ut i mark og eng – Kulturlandskap i skulen”. Dei som tok seg ein tur innom Gamleskulen under Slåttefestivalen fekk ein smakebit av undervisningsopplegg og elevoppgåver. Opplegget blir utvida med fleire skular neste år.

Andre innslag frå vår side under Slåttefestivalen var kulturlandskapsløype, kortkurs i ljåslått og seminar om bruk og vern av seterlandskap. Alt saman finansiert av Landbruks- og matdepartementet, som del av samarbeidet mellom Norsk Kulturarv, Slåttefestivalen og Kulturlandskapsenteret. Seminaret gjekk flott og andre start av kortkurset i ljåslått var også godt besøkt.

Elles gjennomførte me vårt fyrste Sogelandsarrangement ein søndag i mai. Om lag 50 stk var med oss på sogetur i Kyrkjebygda, flesteparten var også med på turen Bøllås-Blika. Ein rett så triveleg dag.

Mange har kanskje lagt merke til at det er komen til ein flunkande ny steingard her i bygda, mellom Su-Hovland og Bratsberg. Me var altså så ”stein galne” at me bestemte oss for å gjennomføre murarkurs i år, og resten har de kanskje lese i avisa. Fin blei den i alle fall. Skjønner berre ikkje at det ikkje kom nokon frå Heddal på dette kurset.



Av andre nyhende kan det nemnast at me har fått ei løyving på 200.000 kr frå Fellesfondet for Øvre Telemark til arbeidet med ein samla plan for Hjartdal-Svardal (samanstillingar, oppdateringar) med tanke på ev. kandidatur til Utvalde kulturlandskap i neste runde.

God sommar frå *Ingvill*.

LUPIN ER KANSKJE FINT I HAGEN, MEN...


Lupinen er på svartelista over artar som er i ferd med å fortrenge stadeigen flora her i landet. Og no er denne planta i ferd med å spreie seg i vegkantane også i Hjartdal. Får dette halde fram, vil kjende og kjære blomar som prestekrage, blåklokker og tjæreblom snart ikkje vera å finne her meir.

Lupin har oppimot 1000 frø per plante, og frøa overlever opptil 40-50 år i bakken. I tillegg er planta sjølv fleirårig og har eit kraftig rotnett. Luking er dermed lite effektivt. Lupinen bind Nitrogen rett frå lufta, og gjødslar raskt opp jorda. Difor blei den ei tid også mykje bruka etter anleggsverksemd, både av vegvesenet og andre. Det er 5 år sidan dette blei forbode, men det ser ut til at det er langt å gå før ein får bukt med den. Det ein *kan* gjera, er å fjerne planta ved slått like etter at den er byrja å bløme og før frøsetjing (dvs. no!), år for år. Ein unngår da ny frøsetjing, og tek samstundes planta på ei tid da rotsystemet er utarma.

Vegkantane våre er etter kvart veldig viktige tilhaldsstader for ”villblomane” våre. Desse har sitt opphav i dei gamle ugjødsla og seint slegne slåtteeogene. Denne floraen går raskt ut både ved attgroing, oppgjødsling og tidleg slått. Då tek andre artar som er meir ”for seg” raskt over. I Hjartdal har me fått kommunen til å ta kantslått etter 10. juli (Knut med ljåen), slik ein bør i kantsoner og på flekkar der ein ynskjer å bevare ”villeng”. Men lupinen må fjernast *før*, slik at den ikkje får spreie seg meir enn den allereie har.

Biblioteket !

Vi på Biblioteket ynskjer alle ein god sumar og ynskjar alle lånetakarane tilbake til hausten.+ mange nye



Kan eg hava det betre !



Plan for møte og andre arrangement , 2009

<u>Namn</u>	<u>Dato</u>	<u>Tid</u>	<u>Stad</u>
Tur til brille-Tjønnane	16/8		
Styremøte HTB.	18/8	10,00	HTB.

FRIVILLIG
HJARTDAL
SENTRAL





**Slåttefestivalen T. skjorter for 2009
er tilsalgs på bygdesentralen for
kr. 50,00 pr. stk.**

Funnet på festen på Hjartsjø stranda !

Svart lommebok, uten navn og andre kjennemerker.

Litt penger i.

Liten brun barnegenser

Svart jakke funnet .

Metalldås til kort.

Fåes igjen på bygdesentralen.

Telemark avløysarlag!



**

Bygdeblad!

Bygdebladet kjem ut ein gong i månaden.

Annonsering og annan informasjon til bladet bør koma inn rundt 20. i kvar måned.

Lag og foreiningar bør bli flinkare til å melde inn aktivitetar og annan informasjon, så heile bygda blir meir involvert.

Ved å samle informasjon i eit blad, er det ikkje så lett og gløyme møte og anna vi skal være med på.

For at bygdebladet skal koma ut kvar måned, må det vere nok stoff til bladet.

Me tek imot alt: gratulasjonar, annonser, innlegg med ris og ros, m.m.

Gåve til bygdebladet : kontonr. 26990706955.

På førehand takk!

Neste bygdeblad kjem ut i slutten av august.